



Rundskriv til alle herad, kommunar og vakt-distrikt i Hordaland

## **TILSKOT TIL DYRLÆKJARTENESTER**

### **Rapportering av bruk av tilskotsmidlar 2016 og søknad/utbetaling av søknadsmidlar 2017**

#### **1. Vakt- og administrasjonstilskot**

##### Rapportering 2016

Fylkesmannen ser det som ynskjeleg å samordna fristane – og innsendingsfristen vert då 31.januar 2017.

##### Løyving og utbetaling 2017

Landbruksdirektoratet løyver til kvart vakt-distrikt direkte. Etter mottak av kopi av løyvingsbrevet, vert midlane tilvist av Fylkesmannen i Hordaland.

#### **2. Stimuleringstilskot**

Hordaland fylke har også i 2017 vorte tildelt midlar til stimulering av dyrehelsetenester. Alle vakt-distrikt og kommunar/herad som har vanskar med å oppretthalda ei tenleg helseteneste til produksjonsdyr i landbruket, kan søkja om stimuleringstilskot.

Søknaden må vera grunngjeven.

Næringssvake område, med lågt dyretal og krevjande infrastruktur, vert prioriterte.

Om vakt-distriktet har ei fungerande teneste, eller om ein slit med å få dekkja trongen etter dyrlækjartenester til ei kvar tid, er ein viktig faktor i vurderinga av tilskotstrongen.

Landbruksdirektoratet opnar for Fylkesmannen til å føreta ei årleg vurdering kor kost/nytte-verdien av tilskotsmidlane vert størst. Tilskotet vil i utgangspunktet berre gjelda for søknadsåret. I vanskelege tilfelle, t.d. dersom ein lyt tilsetja kommunal veterinær i heil eller delt stilling og får vanskar med å gjennomføra dette utan stønad, kan det vera aktuelt både å søkja over fleire år og å få signal om at stønad kan gjevast i fleire år. Men Fylkesmannen vil ikkje kunna lova fleiråreg stønad, sidan dette er avhengig av løyvingar i Stortinget og tildelingar til Hordaland frå Landbruksdirektoratet si side.

### Rapportering 2016

Fylkesmannen ynskjer rapport over kva tilskotet er vorte brukt til, innan 31.januar 2017. Midlane kan berre nyttast til tildelt føremål.

### Tilskot og utbetaling 2017

Fylkesmannen set same tidsfrist, det vil sei at søknaden må sendast inn innan 31.januar 2017. Midlane vert utbetalt snarast etter løyving.

Med helsing

Dirk Kohlmann  
ass. landbruksdirektør

Olav Klubben  
fylkesagronom

*Brevet er godkjend elektronisk og har difor inga underskrift.*